

Høyringsnotat

Framlegg til rettskrivingsendringar i nynorsk og bokmål 2026

Innhald

1. Bakgrunn	2
2. Strukturen i høyringsnotatet.....	2
3. Framlegg som gjeld nynorsk og bokmål.....	3
3.1 Endring av genusnormering for somme substantiv	3
3.2 Normering av substantivet <i>tuppel</i> og ord på <i>-uppel</i>	6
3.3 Normering av ord med kort vokal: <i>bag(g)</i> , <i>gag(g)</i> , <i>handikap(p)</i> , <i>hit(t)</i> , <i>hot(t)</i> , <i>jet(t)</i> , <i>kred(d)</i> , <i>lab(b)</i> , <i>peg(g)</i> , <i>pop(p)</i> , <i>skip(p)</i> , <i>tab(b)</i> og <i>tub(b)</i> ; <i>pepp</i> , <i>plott</i> og <i>putt</i>	7
3.4 Normering av stadnamnet <i>Tyrol/Tirol</i> og tilhøyrande ord	8
3.5 Normering av <i>underfrå</i> og <i>-fra</i>	9
3.6 Normering av substantivet <i>tics/tiks</i> og verbet <i>ticse/tikse</i>	10
4. Framlegg som berre gjeld nynorsk.....	11
4.1 Normering av <i>lykkje</i> og <i>løkke</i>	11
5. Framlegg som berre gjeld bokmål.....	12
5.1 Normering av forleddet <i>vann-/vass-</i> og av <i>gørrblaut/-bløt</i>	12

1. Bakgrunn

Språkrådet sender med dette ut på ålmenn høyring ein del framlegg om endringar i rettskrivinga for nynorsk og bokmål. Målet med høyringa er å informere ålmenta om framlegga og hente inn synspunkt på dei planlagde endringane. Ettersom endringar i dei offisielle rettskrivingsnormene har viktige konsekvensar for ålmenta, blir framlegg av dette slaget systematisk sende ut til høyring, i samsvar med utgreiingsinstruksen og punkt 16.1.4 i språkløvsproposisjonen, [Prop. 108 L \(2019–2020\)](#).

Framlegga som blir presenterte her, har vore handsama i Språkrådets fagråd for normering og språkobservasjon i perioden mars 2024–juni 2025 og lagde fram for styret i Språkrådet til orientering. I notatet blir det gjort greie for dei ulike sakene etter måten kort. Meir utførlege sakspapir og referat frå handsaminga i fagrådet er tilgjengelege på førespurnad.

Etter at høyringa er gjennomført og høyringsfråsegnene handsama, blir dei endelege framlegga lagde fram for styret i Språkrådet til vedtak. Ingen av framlegga i dette notatet blir vurderte som så gjennomgripande at dei treng godkjenning frå Kultur- og likestillingsdepartementet.

Kva ønskjer vi fråsegner om i denne høyringa?

Høyringa dreier seg om dei konkrete framlegga til endringar som er nemnde i høyringsnotatet. Fråsegner som går vidare enn desse emna, blir ikkje tekne opp til vurdering.

Korleis skal fråsegnene utformast?

Vi oppmodar høyringsinstansane om å formulere seg klart og kort. Framlegg til justeringar eller avvising av dei føreslåtte endringane bør grunnjevast med dei gjeldande prinsippa for normering som er formulerte i dokumentet [Retningslinjer for normering](#), vedteke av styret i Språkrådet.

Kven som helst kan sende inn høyringsfråsegn. Fråsegnene er offentlege etter offentleglova og blir publiserte på nettsidene til Språkrådet.

Kvar skal fråsegnene sendast?

Høyringsfråsegner skal sendast på e-post til post@sprakradet.no seinast 7. april 2026.

2. Strukturen i høyringsnotatet

Framlegga som gjeld både nynorsk og bokmål, blir presenterte først. Så følgjer dei som berre gjeld nynorsk, og deretter dei som berre gjeld bokmål. Framlegg om endring i genusnormeringa av substantiv blir presenterte under eitt i punkt 3.1 sjølv om visse av endringane berre gjeld den eine eller den andre skriftnorma.

På kvart punkt gjer vi greie for framlegget til endring (markert med grått) og grunngjev det frå dei gjeldande prinsippa for normering. Dei overordna føringane for normeringa av nynorsk og bokmål står i Prop. 108 L (2019–2020), punkt 4.2.1:

Språkrådet forvaltar rettskrivinga og gjer bindande normeringsvedtak, medan meir gjennomgripande endringar skal godkjennast av Kulturdepartementet. Sjølvstende og stabilitet er dei to hovudprinsippa for normeringa. Det vil seie at dei to norske skriftspråka skal normerast på sjølvstendig grunnlag, og rettskrivinga skal i store trekk liggje fast òg i tida framover. Det skal likevel vere rom for å gjere justeringar i rettskrivinga der faktisk språkbruk eller sterke systemomsyn tilseier det.

Dokumentet *Retningslinjer for normering* (sjå lenkje i punktet ovanfor) gjer greie for normeringsprinsippa i detalj.

Når ikkje anna er sagt, gjeld framlegga òg samansette ord med dei aktuelle orda som etterledd.

3. Framlegg som gjeld nynorsk og bokmål

3.1 Endring av genusnormering for somme substantiv

Framlegg

Genusnormeringa for desse substantiva blir endra slik tabellen viser (m = hankjønn, f = hokjønn, n = inkjekjønn).

substantiv	nåverande norm i bokmål	nåverande norm i nynorsk	framlegg til ny norm	
			bokmål	nynorsk
<i>heft</i> 'feste'	m	n	m	m
<i>korpus</i> 'samling av (tekst)materiale'	m/n	m/n	n	n
<i>korpus</i> (alle andre tydingar enn den over)	m eller m/n	m eller m/n	m/n	m/n
<i>prolaps</i>	m	m	m/n	m/n
<i>skål</i> 'det å skåle og drikke som helsing eller for å ære nokon'	f/m	f	f/m	f/m
<i>snakk</i>	m/n	n	m/n	m/n
<i>snufs</i>	m/n	m	n	m/n
<i>stakitt</i>	m/n	n	m/n	m/n
<i>stress</i>	m/n	m/n	n	n
<i>struma</i>	m	m	m/n	m/n

<i>sukk</i>	m/n	m/n	n	m/n
<i>tartan</i> 'materiale brukt som dekke på idrettsbane'	?	?	m	m

Grunngjeving

Endringsframlegga er motiverte av **bruksprinsippet** og av eit ønske om at rettskrivingsnormene skal spegle språkbruken i nyare tekstar betre. For ordet *tartan* er normeringsstatusen i dag uklar, og der vil framlegget bøte på det. Nedanfor kommenterer vi framlegga kort ord for ord:

heft

Saka gjeld *heft* i tydinga 'feste', til dømes i *målinga har god(t) heft*. Bokmål har i dag hankjønn i denne tydinga, medan nynorsk har inkjekjønn. Søk i tekstkorpus viser at hankjønn dominerer klart i begge skriftnormene i den aktuelle tydinga. Framlegget går ut på å gjere hankjønn til einaste genus i nynorsk òg.

korpus

Ordet *korpus* er normert med berre hankjønn i somme tydingar, og med valfritt hankjønn eller inkjekjønn i andre tydingar. Det gjeld begge skriftnormene. Undersøkingar av bruken viser heilt klart at inkjekjønn dominerer når *korpus* blir brukt om 'samling av (tekst)materiale'. I nyare tekstar er det vanskeleg å finne relevante døme på bruk av ordet i dei andre tydingane, men dei dataa som finst, viser at begge genusa er i bruk. Framlegget går ut på at *korpus* skal ha inkjekjønn i tydinga 'samling av (tekst)materiale' og elles valfritt hankjønn eller inkjekjønn.

prolaps

Ordet *prolaps* er normert med hankjønn, men det er òg i bruk med inkjekjønn, særleg hos fagfolk. I ålmenn litteratur er inkjekjønn brukt i 20–30 % av tilfella, men i faglitteratur om medisin og helse er prosenten om lag dobbelt så høg. *Retningslinjer for normering* (punkt 8.2) seier at ein i saker som gjeld normering av fagtermar, må «kartleggja bruken i fagspråkleg kontekst og ta omsyn til sentrale fagmiljø». På bakgrunn av brukstala og dette prinsippet føreslår vi å innføre valfridom mellom hankjønn og inkjekjønn for *prolaps* i begge skriftnormene.

skål

Ordet *skål* er normert med hokjønn i nynorsk og valfritt hokjønn eller hankjønn i bokmål. I tydinga 'helsing (uttrykt ved å skåle og drikke)' er det likevel heller vanleg å bruke hankjønn også i nynorsk, jf. døme som *drikke ein skål* og *helse (nokon) med ein skål*. I konkret tyding er *skål* heilt klart eit hokjønnsord i nynorsk, men biletet er mindre klart når ordet inngår i eller viser til ei helsing. Søk i ulike korpus viser at hankjønn er brukt i mellom 30 og 70 prosent av dei tilfella der det dreier seg om helsinga. I eldre tekstar dominerer hokjønn klart, men hankjønn er blitt vanlegare i dei siste tiåra. Vi finn døme på hankjønn òg i tekstar skrivne av

røynde nynorskbrukarar. På bakgrunn av bruken føreslår vi å innføre valfri hankjønnsbøying i denne eine tydinga i nynorsk.

snakk

Ordet *snakk* er normert med inkjekjønn i nynorsk og med valfritt hankjønn eller inkjekjønn i bokmål. Det er inkjekjønn som blir brukt mest, bortsett frå i deltydinga 'prat, samtale', som i *å ta ein snakk med nokon*. Her er det hankjønn som rår, både på nynorsk og bokmål. På bakgrunn av det føreslår vi å innføre valfritt hankjønn i nynorsk òg.

snufs

Ordet *snufs* er normert med hankjønn i nynorsk og med valfritt hankjønn eller inkjekjønn i bokmål. Undersøkingar av bruken i tekstar viser at inkjekjønn dominerer klart. I nynorsktekstar er det langt over 50 % inkjekjønn, og i bokmålstekstar er talet godt over 90 %. Derfor føreslår vi å endre norma til valfritt hankjønn eller inkjekjønn i nynorsk og til berre inkjekjønn i bokmål. Bruksgrunnlaget talar ikkje for å ta hankjønn ut av norma i nynorsk.

stakitt

Ordet *stakitt* er normert med inkjekjønn i nynorsk og med valfritt hankjønn eller inkjekjønn i bokmål. Inkjekjønn er brukt mest, men tala varierer ein del mellom ulike korpus. Data frå lokalaviser henta frå søk i mediebasen Atekst (Retriever) tyder på at det er ein del variasjon i genusbruken rundt om i landet. Hankjønn er særleg mykje brukt i nokre lokalaviser på Austlandet (på bokmål). Inkjekjønn er det vanlegaste på nynorsk, men vi finn hankjønn brukt i opp mot 20 % av tilfella. På bakgrunn av dette føreslår vi endring til valfridom også i nynorsk.

stress

Ordet *stress* er normert med valfritt hankjønn eller inkjekjønn i begge skriftspråka. Bruksdata viser svært klar overvekt av inkjekjønn både i nynorsk og bokmål. Derfor føreslår vi å ta hankjønn ut av begge skriftnormene.

struma

Saka om *struma* er i stor grad parallell med den om *prolaps*. Ordet er normert med berre hankjønn. Hankjønn dominerer i ålmenne tekstar, men inkjekjønn er også i bruk. Inkjekjønn er meir brukt i fagtekstar enn i ålmenne tekstar. Ut frå bruksdata og det *Retningslinjer om normering* seier om normering av fagtermar, føreslår vi å innføre valfritt hankjønn eller inkjekjønn for dette ordet.

sukk

Ordet *sukk* er normert med valfritt hankjønn eller inkjekjønn i begge skriftspråka. Før 1959 hadde ordet berre hankjønn i nynorsk og berre inkjekjønn i bokmål. Korpusdata viser at inkjekjønn er nesten einerådande i bokmålstekstar. Vi føreslår derfor å ta hankjønnsforma ut

av bokmålsnorma. I nynorsk er hankjønnsforma brukt ein god del, så vi føreslår inga endring der.

tartan

Saka gjeld *tartan* i tydinga ‘materiale brukt som dekke på idrettsbane’. Her er normeringssituasjonen noko uklar. *Nynorskordboka* fører i dag berre hankjønn, medan *Bokmålsordboka* fører valfritt hankjønn/inkjekjønn. Tidlegare (trykte) utgåver av ordbøkene hadde berre inkjekjønn. Bruksdata viser klar overvekt av hankjønn i bokmål. Overvekta er ikkje like stor på nynorsk, men tendensen er den same. På bakgrunn av brukstala føreslår vi at *tartan* skal vere normert berre med hankjønn i begge skriftspråka.

3.2 Normering av substantivet *tuppel* og ord på *-uppel*

Framlegg

- 1) Substantivet *tuppel* får valfritt hankjønn eller inkjekjønn i nynorsk og bokmål. Ordet får da desse bøyingsformene:

nynorsk:

ein tuppel – tuppelen – tuplar – tuplane eller
eit tuppel – tuppelet – tuppel – tupla

bokmål:

en tuppel – tuppelen – tupler – tuplene eller
et tuppel – tuppelet – tupler/tuppel – tuplene/tupla

- 2) Skrivemåten *kvadrupel* blir endra til til *kvadruppel* i begge skriftnormene. Endringa gjeld òg andre ord på *-upel*.

Grunngjeving

Substantivet *tuppel* er i bruk både som sjølvstendig ord og som etterledd i samansetningar, til dømes *n-tuppel*. Ordet er ein fagterm i matematikk og IT og kjem av engelsk *tuple*, avleidd av *quintuple* osv. Det er solid dokumentert at *tuppel* blir uttala med kort *u*. Slik blir òg orda *kvadrupel*, *kvintupel* osv. uttala, trass i at den normerte skrivemåten har éin *p*. *Kvadrupel* osv. er primært adjektiv, men er òg i bruk som forledd i samansetningar og som separate substantiv. Eit ord som *kvadrupel* står semantisk og lydleg nær *dobbel* og *trippel*, som begge blir skrivne med dobbel konsonant.

Enkelheitsprinsippet seier at innslaget av unntak bør minimerast. Det talar generelt for at skrivemåten av ord bør vere i samsvar med uttalen, og at ord med same ordlagingselement bør ha parallell skrivemåte. Uttalen talar for skrivemåten *tuppel* og for to *p*-ar i *kvadruppel*, *kvintuppel* osv.

Bruksprinsippet seier at normeringa i stor grad skal basere seg på bruken i tekstar. Bruksdata peikar klart mot *tuppel* (ikkje *tupel*) som normert skrivemåte. Når det gjeld *kvadrupel* osb., sprikjer bruksdataa noko. I korpus med større innslag av unormert tekst dominerer skrivemåten med to *p*-ar klart. Substantivet *tuppel* blir brukt med skiftande genus, utan klar overvekt av det eine eller det andre. Vi føreslår derfor valfritt hankjønn eller inkjekjønn.

3.3 Normering av ord med kort vokal: *bag(g)*, *gag(g)*, *handikap(p)*, *hit(t)*, *hot(t)*, *jet(t)*, *kred(d)*, *lab(b)*, *peg(g)*, *pop(p)*, *skip(p)*, *tab(b)* og *tub(b)*; *pepp*, *plott* og *putt*

Framlegg

- 1) Disse orda skal ha valfritt enkel eller dobbel konsonant i utlyd, men obligatorisk dobbel konsonant før bøyingsending: *bag(g)*, *gag(g)*, *handikap(p)*, *hit(t)*, *hot(t)*, *jet(t)*, *kred(d)*, *lab(b)*, *peg(g)*, *pop(p)*, *skip(p)*, *tab(b)* og *tub(b)*.
- 2) Disse orda skal ha obligatorisk dobbel konsonant i alle former: *pepp*, *plott* og *putt*.

Grunngjeving

Saka dreier seg om endring i normeringa av 16 substantiv. Dei fleste er importord frå engelsk, og resten er kortformer av lengre ord. Samnemnaren for desse orda er at dei blir uttala med kort vokal trass i at vokalen står føre enkel konsonant. Den enkle konsonanten skriv seg frå engelsk, som i *bag* og *hit*, eller frå den lange forma av ordet, som i *tub(erkulose)* og *lab(oratorium)*.

Alle desse orda har i dag valfritt enkel eller dobbel konsonant, men med krav om konsekvens. Det vil seie at ein må velje eitt av desse paradigma:

ein bag – bagen – bagar – bagane
ein bagg – baggen – baggar – baggane

For dei 13 orda i punkt 1 føreslår vi å innføre dette mønsteret, med valfridom berre i former utan bøyingsending:

ein bag/bagg – baggen – baggar – baggane

Dette er i tråd med normeringa av liknande ord dei siste åra, til dømes *hub(b)*, *spot(t)* og *chat(t)*. Bruksdata viser at dobbel konsonant er klart meir frekvent før ei bøyingsending enn i utlyd. For somme av dei 13 orda er det vanskeleg å finne gode bruksdata, men systemomsyn (enkelheitsprinsippet) talar for at dei bør følgje det same mønsteret.

I tre av orda – *pepp*, *plott* og *putt* – er dobbel konsonant såpass vanleg òg i utlyd at vi føreslår obligatorisk dobbel konsonant i alle former.

Framlegga er motiverte av **bruksprinsippet** og **enkelheitsprinsippet**. Dei skaper eit enklare system for ei gruppe med ord der det i dag er ein del umotiverte skilnader i skriftnormene.

3.4 Normering av stadnamnet *Tyrol/Tirol* og tilhøyrande ord

Framlegg

Normene for bokmål og nynorsk blir endra slik tabellen viser.

	nåverande norm i bokmål	nåverande norm i nynorsk	framlegg til ny norm	
			bokmål	nynorsk
landskap i Austerrike og Italia	Tyrol	Tyrol	Tirol	Tirol
adjektiv	tyrolsk	tyrolsk	tirolsk/ tyrolsk	tirolsk/ tyrolsk
innbyggjarnamn	tyroler	tyrolar	tiroler/ tyroler	tirolar/ tyrolar
forledd i samansetningar	tyroler-	tyrolar-	tiroler-/ tyroler-	tirolar-/ tyrolar-

Grunngjeving

Saka dreier seg om omnormering av stadnamnet *Tyrol* og avleiingar av det. Utanlandske geografiske namn høyrer til dei namnegruppene der Språkrådet fastset namneform, jf. *Retningslinjer for normering* punkt 9.2. Vi er blitt gjorde merksame på visse problem ved den gjeldande skrivemåten. Problema er òg omtala i ein artikkel i tidsskriftet *Namn og Nemne*.¹ Framlegget er primært motivert av **endonymiprinsippet** – det at utanlandske stadnamn skal skrivast slik dei til vanleg blir skrivne lokalt – men har òg støtte i **enkelheitsprinsippet** og delvis i **bruksprinsippet**.

Gjeldande normering av *Tyrol*, *tyrolsk*, *tyrolar/tyroler* og samansetningar som *tyrolarhatt/tyrolerhatt* følgjer av eit vedtak gjort av Norsk språkråd i 1987. Vedtaket seier at *Tyrol* er norsk stavemåte for landskapet, som ligg dels i Austerrike og dels i Italia. På [lista over utanlandske stadnamn](#) fører Språkrådet *Tirol* som skrivemåte for namnet på det forbundslandet i Austerrike som heiter *Tirol* på tysk. Dermed har vi to normerte skrivemåtar for noko som i grunnen er det same namnet. Det er god grunn til å justere normeringa på

¹ Hanno Sandvik (2023): «Stedsnavn i Tirol: endonymiprinsippet utfordringer i møtet med språklig og toponymisk mangfold» (<https://ojs.novus.no/index.php/NON/article/view/2238/2204>).

dette punktet og da velje éin av skrivemåtane – anten *Tyrol* eller *Tirol* – som nemning på landskapet og på forbundslandet.

Endonymiprinsippet står generelt sterkt i norsk normeringstradisjon.² Dette prinsippet talar utan tvil for skrivemåten *Tirol* på landskapet. Namnet har tysk opphav, og *Tirol* er den tyske forma. Også dei andre språka som er i bruk i regionen, har *i* i dette navnet (italiensk *Tirol*, ladinsk *Tirol*). Skrivemåten med *y* har historisk vore noko brukt i tysk, men da som ortografisk variant; han representerer ikkje ein annan uttale. I dag er *Tirol* den einaste forma i bruk på tysk.

Ser vi på tradisjon og bruk i norsk, er begge formene representerte, men *Tyrol* er gjennomgåande mest frekvent både i dag og historisk.

Det er høve til å vike av frå endonymiprinsippet til dømes når det finst tradisjonelle norske namneformer som er i bruk. I dette tilfellet er begge dei aktuelle formene – *Tyrol* og *Tirol* – i bruk. Begge formene har dessutan offisiell status i norsk, men altså ikkje i same tyding. At den endonyme forma *Tirol* allereie er normert, talar for å velje den framfor *Tyrol*, sjølv om bruk og tradisjon kan tilseie den motsette konklusjonen.

Gjeve at *Tirol* er normert form, er det logisk at også innbyggjarnamnet og adjektivet skal kunne skrivast med *i*. Men tradisjon og bruk talar sterkare for å ta vare på avleiingane med *y* enn for å skrive sjølv stadnamnet med *y*. Eit ord som *tyrolarhus* er så å seie berre i bruk nettopp med *y*. Prinsippa for normering av samnamn talar for å la bruken vege tungt. Det finst tilfelle der ei tidlegare form av eit stadnamn lever vidare i ord som er avleidde av namnet, som *pekingand* ved sida av det normerte stadnamnet *Beijing*. Vi meiner det bør vere valfridom mellom *i* og *y* i avleiingar av stadnamnet *Tirol*.

3.5 Normering av *underfrå* og *-fra*

Framlegg

Adverbet *underfrå* (nynorsk) og *underfra* (bokmål) blir normert med desse skrivemåtane.

Grunngjeving

Saka dreier seg om nynormering av adverbet *underfrå/underfra*. Dette adverbet kvalifiserer til å få artikkel i standardordbøkene, og det må derfor fastsetjast normerte skrivemåtar. Både i nynorsk og i bokmål finn vi variantar av dette og liknande ord i bruk. Forleddet kan vere *under-*, *undan-* eller *unna-* på nynorsk og *under-*, *unden-* eller *unna-* på bokmål.

² Jf. det generelle vedtaket i [Rettskrivningsendringer fra 1. juli 2005](#): «Ved fastsetjing av skrivemåtar for utanlandske geografiske namn baserer ein seg i hovudsak på endonymiprinsippet, dvs. at ein rettar seg etter den offisielle skrivemåten i det landet det gjeld. Ein kan vike av frå dette prinsippet der bokstaveringa kan skape problem for den norske lesemåten, og der tradisjonelle norske namneformer er i bruk.»

Etterleddet kan vere *-frå*, *-ifrå* og *-fra*, *-ifra*. Ulike korpus har ulike tilhøve mellom variantane, men dei med forleddet *under-* er jamt over dei mest brukte både i nynorsk og bokmål. Ut frå systemomsyn (parallellar med andre nærskyldte stadadverb) er det mogleg å argumentere for fleire normerte ord eller former. Det at bruksfrekvensen i tekstar er heller låg, talar likevel for å halde normeringa nokså stram, utan mykje valfridom. Framlegget om éi normert form i kvar av normene (*underfrå* og *underfra*) har støtte i **stramleiksprinsippet** og til dels òg i **bruksprinsippet**.

3.6 Normering av substantivet *tics/tiks* og verbet *ticse/tikse*

Framlegg

- 1) Substantivet *tic* blir omnormert til *tics/tiks* og får denne bøyinga:

nynorsk:

eit tics – ticset – tics – ticsa eller

eit tiks – tikset – tiks – tiksa

bokmål:

et tics – ticset – tics – ticsa/ticsene eller

et tiks – tikset – tiks – tiksa/tiksene

- 2) Det avleidde verbet med tydinga 'ha tics' blir normert med desse formene:

nynorsk:

ticsa/ticse – ticsar – ticsa eller

tiksa/tikse – tiksar – tiksa

bokmål:

ticse – ticser – ticsa/ticset eller

tikse – tikser – tiksa/tikset

Grunngjeving

Normeringa av substantivet *tics* har blitt vurdert fordi ordet skal få artikkel i standardordbøkene. I dag er dette ordet normert slik i bokmål: *et tic – ticet – tic/tics – tica/ticene*. Ordet er ikkje oppført i autoritative ordbøker for nynorsk, men *Norsk Ordbok* fører det opp med inkjekjønn og fleirtalsforma *tics*.

Substantivet *tic* har opphav som fagterm, men er i dag eit ålmenndord. Dermed er det aktuelt å gje ordet norvagisert skrivemåte med *k* i tråd med den vanlege uttalen (jf. *Retningslinjer for normering* punkt 10.1). Sjølv om skrivemåten med *c* er den klart vanlegaste, kan ein òg finne former med *k*, først og fremst *tiks* (dels brukt i eintal, dels i fleirtal). Det talar for

valfridom mellom *tics* og *tiks*, jf. punkt 10.4 i retningslinjene: «Om den ikkje-norvagiserte forma dominerer i bruk, men ei norvagisert form også blir brukt, bør det vera valfridom mellom dei to formene.»

Ordet blir for det meste brukt i fleirtal. Den vanlegaste forma i ubunden form fleirtal er *tics*, og i bunden form fleirtal er *ticsene* den vanlegaste forma på bokmål. Forma *tics* er òg ofte brukt som eintalsform. Vi ser altså at språkbrukarane handsamar *s*-en som ein del av stammen i ordet, ikkje som bøyingsending. Dette er eit vanleg mønster for importord frå engelsk, jf. *longs*, *tights*, *scones*, *kaps*, *pins* og mange fleire. Språkrådet føreslår å la *tics/tiks* slutte seg til denne ordgruppa. Då vil norma spegle den vanlege bruken betre (jf.

bruksprinsippet), og endringa vil redusere den vesle gruppa av substantiv som i dag står normerte med *-s* som fleirtalsending (jf. **enkelheitsprinsippet**).

Tic er i dag normert med inkjekjønn. Korpusdata viser at inkjekjønn er det vanlegaste, men hankjønn er òg i bruk. Det er tendensar til tydingsdifferensiering, slik at hankjønn (*ticsen*) ofte blir brukt når det er snakk om tilstanden ('det å ha tics'). Innslaget av hankjønn i bruken kunne tale for valfritt genus i rettskrivinga, men det ville gjeve svært mange valfrie former. Derfor og på bakgrunn av **stramleiksprinsippet** føreslår vi å la normeringa med berre inkjekjønn liggje fast.

Vidare føreslår vi å normere verbet *ticse/tikse* 'ha tics'. Valfridom mellom *-c*- og *-k*- følgjer logisk av den føreslåtte normeringa av substantivet.

4. Framlegg som berre gjeld nynorsk

4.1 Normering av *lykkje* og *løkke*

Framlegg

Norma for nynorsk blir endra slik at formene *lykkje* og *løkke* blir valfrie i alle tydingar av desse orda.

Grunngjeving

Substantiva *lykkje* og *løkke* har same opphav, men nynorsknorma har ulik fordeling av dei to variantane basert på tyding: 1) *lykkje* 'sløyfe (på tau)', 2) *løkke/lykkje* 'inngjerda mark; lite jorde' og 3) *løkke* 'ubygd tomt i ein by'. Det ortografiske skiljet mellom sløyfe-tydinga og dei to jordstykke-tydingane skriv seg frå 1959, medan tyding 3 blei skild ut i 2023 i samband med revisjonen av standardordbøkene.

Korpusdata viser at *løkke* er mykje brukt på nynorsk i tyding 1 'sløyfe (på tau)' sjølv om forma er utanfor rettskrivinga. Nynorskkorpuset (som for det meste inneheld bok- og medietekstar) har 16 % *løkke*, medan nnTenTen (eit nettkorpus med mykje uredigert tekst)

har heile 85 % *løkke*. *Løkke* er også mykje brukt i samansetningar, som *lykkje-/løkkeskrift* og *rennelykkje-/løkke*. Sett under eitt talar desse bruksdataa for å ta inn *løkke* i rettskrivinga i sløyfe-tydinga.

Det er stundom vanskeleg å avgjere kva av dei to jordstykke-tydingane ein har føre seg i eit korpusdøme. I dei tilfella der vi utan tvil har med tyding 3 ('ubygd tomt i ein by') å gjere, finn vi berre forma *løkke* brukt. Om vi ser begge jordstykke-tydingane under eitt, er det 78 % *løkke* i Nynorskkorpuset og 100 % *løkke* i nnTenTen. **Enkelheitsprinsippet** talar for å normere ordet likt i desse to tydingane, som flyt over i einannan. Både **tradisjonsprinsippet** og **bruken** på visse område talar for å behalde forma *lykkje* i rettskrivinga. Vi føreslår altså å gjere *lykkje* og *løkke* til valfrie skrivemåtar i alle tydingar. Med eit slikt vedtak vil *lykkje/løkke* gå inn i ei større gruppe ord som i nynorsk har valfridom mellom former med y og ø.

5. Framlegg som berre gjeld bokmål

5.1 Normering av forleddet *vann-/vass-* og av *gørrblaut/-bløt*

Framlegg

Norma for bokmål blir endra slik:

- 1) *Vass-* blir ståande som eineform i desse orda: *vassblande, vassbløyte, vassbotn, vassdrag, vassdrukken, vassende, vassfar, vassfis, vassfut, vassføyke, vassgreie, vasskald, vasslendt, vassløyse, vassråde, vass-sele, vass-sur, vass-svekk, vasstrukken, vassvelling, vassvende, vassyte*.
- 2) *Vass-* blir ståande som eineform i desse artsnamna: *vassarv(e), vassgras/-gress, vassgro, vassgås, vasshår, vasskall, vasskje, vasskjuke, vasskrans, vasskryp, vasspest, vassreverumpe, vass-slirekne, vass-soleie, vassvånd*.
- 3) *Vass-* blir ståande som eineform i andre artsnamn enn dei som er nemnde i punkt 2, om ho er eineform i dag.
- 4) Desse orda får framleis *vass-* som eineform av forleddet, men får ny valfri form av etterleddet:
vassblaut > *vassblaut/vassbløt*
vassgraut > *vassgraut/vassgrøt*
- 5) Desse orda, som i dag er normerte med *vass-* som eineform, får i tillegg normert form med *vann-*: *vanngått/vassgått, vannis/vassis, vannkok/vasskok, vannkvern/vasskvern, vannmål/vassmål, vannsott/vass-sott, vannsottig/vass-sottig, vannså/vass-så, vanntre/vassstre, vann troll/vass troll, vannvakt/vassvakt, vannvette/vassvette, vannøye/vassøye*.

- 6) Dette ordet, som i dag er normert *vannsyk/vass-sjuk*, får full valfridom både i forledd og etterledd: *vannsjuk/vannsyk/vass-sjuk/vass-syk*.
- 7) Desse orda, som i dag er normerte med valfritt *vass-* eller *vann-*, får inga endring i normeringa: *vannekte/vassekte, vannhjul/vasshjul, vannrenne/vassrenne*.
- 8) Alle andre samansette ord som i dag har berre *vass-* eller valfridom *vann-/vass-*, får i staden *vann-* som eineform.
- 9) Ordet *gørrblaut* får ny valfri form av etterleddet (etter same logikk som i punkt 4 over): *gørrblaut > gørrblaut/gørrbløt*

Grunngjeving

Samansetningar der grunnordet *vann/vatn* ligg til grunn for forleddet, er i dag normerte slik:

- Dei fleste har valfritt *vann-* eller *vass-*.
- Berre *vass-* har mange artsnemningar (plante-, dyre- og soppsnamn) og i tillegg ein del andre ord. Sett under eitt er det 55 samansetningar med berre *vass-* i *Bokmålsordboka* og *Tanum*; blant dei er det 13 artsnemningar og 42 andre ord.
- Berre *vann-* har éi samansetning, *vannmann*.

Framlegget går ut på at

- *vass-* blir ståande som eineform i namn på plantar, dyr og sopp der dette er eineform i dag
- *vass-* blir ståande som normert form der ho er mykje brukt, anten som eineform i ord der *vass-* dominerer klart (til dømes i *vassdrag* og *vasstrukken*), eller som valfri form i ord der fordelinga mellom *vann-* og *vass-* er jamnare (til dømes i *vannekte/vassekte* og *vannkvern/vasskvern*)
- *vann-* blir eineform i alle andre samansetningar

Punkta 4, 6 (og 9) i framlegget rettar opp ein del usystematiske trekk i norma, til dømes at samansetninga *vann/vatn + sjuk/syk* har to normerte former i staden for fire. Vi vurderer det ikkje som aktuelt å endre normeringa av grunnordet *vann/vatn*.

Framlegget stør seg primært på **bruksprinsippet** og **stramleiksprinsippet**: *Vass-* blir ståande der den forma er mykje brukt (og i alle artsnamn), medan *vann-* blir eineform der *vann-* er klart vanlegast (bruksprinsippet). Lite brukte former med *vass-* går altså ut (stramleiksprinsippet). Enkelheitsprinsippet er ikkje lagt til grunn. Det har vore vurdert å innføre enkel valfridom mellom *vann-* og *vass-* i alle samansetningar, men det ville bryte for kraftig med bruksprinsippet og tradisjonsprinsippet.